

**Fra:** Helen Børhaug <ostorehelen@hotmail.com>  
**Sendt:** torsdag 30. september 2021 08:30  
**Til:** Postmottak Vaksdal  
**Emne:** Søknad bygdeutviklingsutvalet  
**Vedlegg:** Budsjett Søknad Bygdeutvikling AllAktivitetshus (1).pdf; Budsjett Søknad Bygdeutvikling AllAktivitetshus (1).odt

### **Søknad om stønad til aktiviteter og materiell/utstyr på Stamnes**

Arbeidsgruppa for Allaktivitetshuset på Stamnes, heretter kalla Husfolket, er ei gruppe under Stamnes idrettslag. Husfolket held på å gjere den nedlagte barnehagen om til AllAktivitetshus for bygda og søkjer med dette om stønad til dette arbeidet.

Me ønskjer å kunne ha eit allsidig tilbod om jamnleg cafedrift og middagservering, ungdomsklubb, samt kurs- og sosiale samlingar med meir. Til dømes har me Ope hus kvar tysdag ettermiddag.

Å skape ein slik sosial møteplass for alle vil kunne fremje tilhørighet til bygda og betre trivsel og livskvalitet for innbyggjarane. Me søkjer om stønad til å kjøpe utstyr/inventar som gjer lokala meir eigna for cafe drift og ungdomsklubb, samt om å få dekkje utgifter for å starte opp desse aktivitetane.

Me er allereie godt i gang med å etablere ein klatrevegg bak Allaktivitetshuset, men det gjenstår noko arbeid med å rydde øverste delen av denne, samt at bruken i sommar har vist det naudsynt å få opp nokre klatretak.

Alt arbeidet skjer på dugnad og det er vår visjon å kunne skaffe inntekt til å drive huset vidare gjennom den aktiviteten huset genererer. Kafedrift er både ein møteplass og ein måte å skaffe inntekt til å driva huset. Oppstartsfasen er som regel ei utfordrande tid og me vonar de kan vera med å hjelpe oss å dra i gang dette økonomisk.

Me søker herved om 64 000 kr, sjå vedlagt budsjett.

Alt arbeid vert gjort på dugnad:

Faste aktiviteter	Gjennomsnitt dugnads oppmøte pr gong	gj.snitt timar pr mnd
Ope hus 4x pr mnd	5 vaksne/3 timar	60 timar
Kafe månadleg	4 vaksne/5 timar	20 timar
Middag månadleg	4 vaksne/8 timar	32 timar
Ungdomsklubb 2x pr mnd	1 vaksne/6 timar	24 timar
Organisering + fortløpande arbeid (Husfolket)	4 vaksne/3 timar pr/v	48 timar
		<b>184 timar</b>

Vonar på positivt svar

Helen Børhaug